

Omstillingsprogram 2017

Notat om framtidig barnehage- og skulestruktur i Ål

Kommunalsjefen er bedt om å levere eit notat om følgjande til 1. august 2017:

1. Kva betyr endra skulestruktur, inkludert forventa demografiutvikling, økonomisk og kvalitativt ved tre ulike alternativ:
 - a. Elevane blir fordelte på eksisterande skular.
 - b. Redusere frå to til ein sentrumsskule.
 - c. Ein ny felles barneskule.
2. Vurdere barnehagestrukturen inkludert forventa nedgang i barnetalet.

Bakgrunn

Oppvekstsektoren har dei siste fem åra redusert om lag 14 faste stillingsheimlar utan at elevtalet er nemneverdig redusert. I åra som kjem må kommunen forvente nedgang både i barnehage og skule. Fødselstalet går ned:

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Fødte	33	44	45	35	48	55	46	51

Når barnetalet går ned, blir rammeoverføringa frå staten redusert.

Ål kommune har i dag fem kommunale barnehagar med til saman 258 plassar. Barn under tre år krev to plassar. Nordbygdene, Sando og Torpo har 36 plassar (to avdelingar), Skattebøl har 42 plassar (to avdelingar med utvida gruppe) og Sundre barnehage har 108 plassar (seks avdelingar).

Ål kommune har i dag fire barneskular og ein ungdomsskule. I mange år har elevtalet vore om kring 640 elevar. I mai 2017 vart mottaket på Torpo lagt ned og kommunen mista om lag 20 elevar og Sando barnehage mista 4 mottaksplassar. Desse elevane/plassane var finansierte med eigne statlege tilskot. Skuleåret 2017/2018 er elevtalet 600: Leveld skule – 78 elevar, Nedre-Ål skule – 223 elevar, Skattebøl skule – 50 elevar, Torpo skule – 64 elevar, Ål ungdomsskule – 185 elevar.

Med eit årleg fødselstal på 40 og med ein forventa nedgang i elevtalet vil kommunen med dagens regelverk, få om lag 10 millionar mindre i rammetilskot i 2020.

Dette notatet skisserer konsekvensar og drøftar kort ulike alternativ med negativ barnetalsutvikling.

Notatet drøftar **ikkje** tiltak og trendar som eventuelt kan bidra til ei meir stabil barne- og elevtalsutvikling. Notatet er heller ingen grundig utgreiing. Eventuelle endringar i barnehage- og skulestrukturen krev ei meir omfattande konsekvensutgreiing.

1. Kva betyr endra skulestruktur økonomisk og kvalitativt

Ål kommune har ein desentralisert struktur og har investert mykje i denne strukturen. Samstundes blir kommunen og oppvekstsektoren utfordra til å effektivisere ressursbruken.

Arbeidsgruppa som styrer omstillingsarbeidet ynskjer å få vurdert tre alternativ:

a. Elevane blir fordelte på eksisterande skular.

Elevtalsutvikling:

Leveld skule	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	SUM
2017/2018	11	7	10	11	11	12	16	78
2018/2019	10	11	7	10	11	11	12	72
2019/2020	4	10	11	7	10	11	11	64
2020/2021	7	4	10	11	7	10	11	60
2021/2022	6	7	4	10	11	7	10	55
Nedre-Ål skule	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	SUM
2017/2018	22	27	25	28	49	34	38	223
2018/2019	18	22	27	25	35	49	34	210
2019/2020	18	18	22	27	42	35	49	211
2020/2021	24	18	18	22	39	42	35	198
2021/2022	22	24	18	18	37	39	42	200
Torpo skule	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	SUM
2017/2018	8	4	11	8	12	7	14	64
2018/2019	8	8	4	11	8	12	7	58
2019/2020	7	8	8	4	11	8	12	58
2020/2021	5	7	8	8	4	11	8	51
2021/2022	5	5	7	8	8	4	11	48
Skattebøl skule	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn				SUM
2017/2018	14	12	17	7				50
2018/2019	9	14	12	17				52
2019/2020	10	9	14	12				45
2020/2021	10	10	9	14				43
2021/2022	10	10	10	9				39
Ål ungdomsskule					8. trinn	9. trinn	10. trinn	SUM
2017/2018					65	61	59	185
2018/2019					68	65	61	194
2019/2020					53	68	65	186
2020/2021					72	53	68	193
2021/2022					54	72	53	179
2022/2023					63	54	72	189
2023/2024					50	63	54	167

Leveld og Torpo har prosentvis størst nedgang i elevtal, men alle fire barneskular har nedgang i elevtalet. Så langt viser historikken at fleire elevar startar i skulen enn det fødselstalet for årgangen er.

Kvalitet:

I dette alternativet opprettheld kommunen ein desentralisert struktur med barneskule i Nordbygdene og på Torpo i tillegg til to skular i sentrum. Med ei vidareføring av dagens ressursfordeling vil dei tre minste barneskulane gå mot å bli fådelte skular. Skulane i Torpo og Leveld må alt dag «tenke fådelt» og slår saman klassar. Dette treng ikkje gi dårlegare

undervisning, men det krev meir av læraren. Det kan ha konsekvensar for rekruttering av nye lærarar. I enkelte klassar med lågt elevtal blir læringsmiljøet redusert.

I dagens skule er det krav om tettare samarbeid mellom den enkelte skulen og hjelpeinstansane. Det kan vere ei utfordring, med dagens ressursituasjon, å drive god og kontinuerleg oppfølging når mange skular skal ha besøk jamleg.

Økonomi:

- Drift

Personalressurs: Dagens ressursfordeling til skulane har vore gjennom fem år med sparekatalog. Med dagens struktur er det vanskeleg redusere meir enn det elevtalsutviklinga gir rom for. Ei framskriving av eksisterande ressursfordelingsmodell med dagens elevtalsprognose, gir ein stillingsreduksjon på om lag 5 lærarar og 2 assistentar i 2020. Om lag 3 av lærarstillingsreduksjonen kjem fordi skulane Leveld og Torpo blir fådelte. Med dagens kroneverdi gir dette ein utgiftsreduksjon på om lag 4 mill. Felles administrasjon av skular og skule/barnehage kan gi ei økonomisk innsparing og bør bli vurdert i ei eventuell konsekvensutgreiing.

Skyss: Skyssutgiftene blir omtrent som i dag, justert for nedgang i elevtalet.

Bygningar/vedlikehald: Fem skuleanlegg krev årleg vedlikehald. Sjå oversikt under.

Objekt	Status	Tiltak
Leveld skule	Frå 1987. Delvis tilrettelagt for større elevtal i 2011. Treng rehabilitering og ny ventilasjonsløyning. Lydisolering SFO – krav miljøretta helsevern – 2016.	Arbeidsgruppe har greidd ut ulike alternativ våår 2017. Kostnad inkludert renovering av bassenget: 4,5 mill.
Nedre-Ål skule	Bygd om i 2002. Ombygging av 3. etasje i idrettsbygget 2013. Mista kontor/arbeidsrom ved ombygginga av 3. etasje. Tronge klasserom. Treng generell oppussing.	Sanering av asbest – renovering av korridorar, skifte vindauge i 1. etasje - 2017. Samla ca. 2,5 mill. Mindre endring av klasseromløyning i 2017.
Skattebøl skule	Frå 1980, gymsal i 1997. Manglar eige sfo-lokale. Garderobane treng renovering. Mørke veggjar i alle klasserom. Gamalt ventilasjonsanlegg.	Måling og belysning i klasserom og korridorar, ca. 2 mill. Nytt ventilasjonsanlegg og renovering av garderobar
Torpo skule	Bygd om/renovert i 2010.	Lydplater i gymsal og vestibyle, oppfølging av støymåling som er gjort.
Ål ungdomsskule	Bygd om/renovert i 2007. Ventilasjonsanlegget fungerer for dårleg. Isolering av tak er gjort. Anlegget manglar kjølefunksjon.	Mange mindre feil er retta. Tilrettelegg for rullestolbrukar sommar 2017.

- Investering

Skuleanlegga er i rimeleg god stand. Sjå lista over. Med ei årleg investering på mellom 2 og 3 millionar, vil dagens skuleanlegg innfri bygningstekniske krav i åra framover.

b. Redusere frå to til ein sentrumsskule

Dette punktet betyr i praksis å legge ned Skattebøl skule. I 2015 vurderte ei arbeidsgruppe samordna drift av skulane Skattebøl og Nedre-Ål. Eitt alternativ den gongen var å flytte alle sentrumselevane i 1. 2. og kanskje 3. trinn til Skattebøl. Denne løysinga vart skrinnlagt pga. trafikale forhold. Skulen var i si tid bygd som ein nærskule for Skattebøl krins og elevane skulle i størst mogeleg grad gå til skulen. Vegnettet fram til skulen er ikkje tilrettelagt for tyngre

busstrafikk. Difor er det, både med tanke på trafikk, logistikkmessig og økonomisk, mest tenleg å eventuelt gjera Nedre-Ål skule om til felles sentrumsskule.

Elevtal i ein felles sentrumsskule

Nedre-Ål skule	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	SUM
2017/2018	22	27	25	28	49	34	38	223
2018/2019	18	22	27	25	35	49	34	210
2019/2020	18	18	22	27	42	35	49	211
2020/2021	24	18	18	22	39	42	35	198
2021/2022	22	24	18	18	37	39	42	200
Skattebøl skule	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn				SUM
2017/2018	14	12	17	7				50
2018/2019	9	14	12	17				52
2019/2020	10	9	14	12				45
2020/2021	10	10	9	14				43
2021/2022	10	10	10	9				39
Ein sentrumsskule	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	SUM
2017/2018	36	39	42	35	49	34	38	273
2018/2019	27	36	39	42	35	49	34	262
2019/2020	28	27	36	39	42	35	49	256
2020/2021	34	28	27	36	39	42	35	241
2021/2022	32	34	28	27	37	39	42	239

Fødselstalet syner ein nedgang i elevtalet frå over 270 komande skuleår til under 240 i 2021/2022. I ein felles skule gir dette to parallellar med frå 16 til 21 elevar i kvar klasse. Hausten 2018 er det 27, og hausten 2019 er det 28 elevar på 1. trinn. I ein felles skule blir det 13-14 elevar i kvar parallellklasse.

Kvalitet:

I dette alternativet mistar kommunen ein godt driven nærskule med eit unikt uteområde. I ein felles sentrumsskule vil ein kunne samordne og nytte ressursane betre. Det vil også vera enklare å sjå heilskapen mellom barnetrinn og mellomtrinn. Arbeidsgruppa som såg på samordning av sentrumsskulane i 2015 vurderte eventuelle gevinstar ved å samle elevane i sentrumsområdet og peikte mellom anna på: Meir fleksible pedagogiske løysingar, betre ressursutnytting og ein skule midt i sentrumsområdet ville gi mindre skuleskys. Rapporten ligg i kommunestyresak 44/15.

Økonomi

- Drift

Personalressurs: Ein del av innsparinga ligg alt inne i stillingsreduksjonen i punkt a. I tillegg vil ein spare minst ei lærarstilling, ei assistentstilling og ei rektorstilling. I ei framskriving til 2020 gir dette alternativet ein samla stillingsreduksjon i sektoren på om lag 7 lærarar, om lag 3 assistentar og ein rektor. Omgjort med dagens kronekurs gir dette ein utgiftsreduksjon på om lag 7 mill. Ei konsekvensutgreiing må gjera ei grundigare analyse av talet.

Skyss: Kart syner at dei fleste elevane som i dag går til skulen, også bur i gangavstand til Nedre-Ål skule. Skyssutgiftene blir omtrent som i dag, justert for nedgang i elevtalet.

Bygningar/vedlikehald: Sjå punkt a. Ei konsekvensutgreiing må vurdere kva det vil koste å bygge om Nedre-Ål skule til sentrumsskule, inkludert SFO og uteområde. Med ein skule mindre vil kommunen spare driftskostadar.

c. Ein ny felles barneskule.

Det ligg truleg noko fram i tid å eventuelt realisere dette alternativet, 8-12 år. Det er investert mykje både på Torpo og i Leveld. Det er lite areal i eksisterande skuleområde ved Nedre-Ål skule til alle barneskuleelevane. Skal alle barneskuleelevane i kommunen gå på Nedre-Ål skule, blir det viktig å sikre areal i området til formålet. Det blir viktig å legge til rette for ei utviding av skule/elevarealet. Fylkesvegen gjennom området er ei utfordring. Ei løysing kan vere å plassere eit tilbygg til Nedre-Ål skule over fylkesvegen. Ei konsekvensutgreiing må vurdere ulike alternativ. Eit alternativ kan vere å bygge ny barneskule på ny tomt. Eit anna alternativ er å bygge ny ungdomsskule og la 5.-7. trinn overta ungdomsskulen.

Kvalitet:

Ein felles barneskule med to-tre parallelar per trinn gir større pedagogisk kapasitet. Sosialt og fagleg blir det større elevmiljø på kvart årstrinn. Med elevane samla kan lærartimane nyttast meir fleksibelt og fagkompetansen til den enkelte blir nytta betre. Hjelpeapparatet kan bruke meir av tida på systemarbeid og veiledning og skulehelsetenesta kan samordne innsatsen til meir førebyggjande arbeid. Med ein felles skule vil Nordbygdene og Torpo miste nærskulen med dei verdiane dette har for eit lokalmiljø, og fleire elevar vil ha bruk for skuleskysst.

Økonomi:

Økonomiske konsekvensar krev ei grundig utgreiing. I reknestykket under blir det skissert **ei tenkt innsparing** på personale i 2020. Reknestykket tek utgangspunkt i dagens ressursmodell og ein elevnedgang basert på kjente fødselstal.

Elevtal 2020/2021 - ein barneskule i Ål					
	Leveld	Nedre-Ål	Skattebøl	Torpo	SUM
1. trinn	7	24	10	5	46
2. tinn	4	18	10	7	39
3. trinn	10	18	9	8	45
4. trinn	11	22	14	8	55
5. trinn	7	39		4	50
6. trinn	10	42		11	63
7. trinn	11	35		8	54
					352

Elevtalet i 2020 vil med dagens fødselstal vere 352 elevar. Historisk er elevtalet litt høgare enn fødselstalet.

Tabellen under blir nytta ved den årlege ressurstildelinga, men er gjort om slik at alle elevane er samla på ein tenkt felles barneskule.

Veketimetalet:

Skule	Elevtal	Klassetal	Grunntal	Ekstra	Tidleg i.	Tilpassa	K.lærer	F.stil.	Fr.språk		60 min
1. trinn	46	3	56,25		9,2	13,8	2,25				81,5
2. trinn	39	3	56,25		7,8	11,7	2,25				78
3. trinn	45	3	56,25			13,5	2,25				72
4. trinn	55	3	56,25			16,5	2,25				75
5. trinn	50	3	63			15	2,25				80,25
6. trinn	63	3	63	1,8		18,9	2,25				85,95
7. trinn	54	3	63			16,2	2,25				81,45
								12	20		32
											586,15
Ål ungdomss	185	9	210	32,4		58,2	6,75	6	10		323,35
SUM	537	30	624	34,2	17	163,8	22,5	18	30		909,5
				0,6xel	0,2x1-2	0,3xel			0,4xel		

Lærarårstimar og administrasjonsressurs gjort om til årsverk

Skule	Veket.	Årstimar		Årsverk	Adm.	Grunnr.	Elev	HTV	E.l.t	Ramme
barneskule	586,15	22273,7	741	30,05	3,5	33,55	2		0,9	36,45
Ål ungdom.	323,35	12287,3	664	18,5	3,5	22	1	0,3	0,3	23,6
til disp.							1,75			1,75
SUM	909,5	34561		48,55	7	55,55	4,75	0,3	1,2	61,8

Ressurstildelinga for 2017/2018 er 74,8 lærarårsverk inkludert administrasjon (rektor, ass.rektor, sosiallærer/rådgjevar, sekretær). Tilsvarende tal i tabellen over er 61,8. Innsparing: 13 årsverk.

Assistentane er i større grad bunde opp mot enkeltelevar, men med fleire skular blir det nødvendig med ein viss masse. Dette fordi skulen treng assistentar som kan fylle opp SFO-tid på morgon og ettermiddag. Dette behovet blir mindre i ein større skule. Stipulert behov for skuleassistent: 11,6 stillingar minus 3 stillingar = 8,6 stillingar.

Med færre skuleeiningar, kan skulen sjølv overta delar av arbeidet som i dag blir koordinert ved oppvekstkontoret. Oppvekstkontoret kan redusere staben med ei 1 stilling.

Dette reknestykket ville i 2020 gi ei innsparing på om lag 11 millionar i personalkostnader. Tal elevar per lærar vil i snitt bli om lag 10, det same som Buskerud-snittet.

I tillegg kjem innsparing på drift av bygningsmassen og eventuelt sal av bygningar. På utgiftssida kjem finansutgifter ved nyinvestering og auka skyssutgifter. Berre ei utgreiing kan gi sikre tal.

2. Vurder barnehagestrukturen inkludert forventta nedgang i barnetalet

Ål kommune har ein desentralisert barnehagestruktur og har investert mykje i denne strukturen. Det er også eit politisk ynskje å kunne tilby familiar som flytter til kommunen barnehageplass.

Status for barnehageanlegga er:

Objekt	Status	Tiltak
Nordbygdene barnehage	Bygd om i 2010/2011. Mangelfull uteleikeplass.	Oppdatert dokumentasjon på inneklima, krav miljøretta helsevern. Nye målingar?
Sando barnehage	Sando skule bygd om til barnehage 2013. Grunnmur har vasslekkasje, treng drenering. Ynskje frå FAU om oppgradering av uteområdet på nordsida mot Liagardsvegen.	Drenering på nordsida av bygget. 1,5 mill. Renovering av toalett i underetasjen og grendehus.
Skattebøl barnehage	Bygd om til to-avdelings barnehage i 2006. Påbygg/ombygging med barnetoalett plass til reinhaldsutstyr og arbeidsplassar for pedagogar.	Ombygging blir gjennomført haust 2017.
Sundre barnehage	Bygd om til seks-avdelings barnehage i 2009. Nye portar og utbetring lys/lyd i 2016.	Ny delevegg ved personalrommet. Kontrollere anlegg vannboren varme. Nytt uteleikeapparat i 2017.
Torpo barnehage	Bygd om til to-avdelings barnehage i 1997, påbygg i 2009. Ny personalgarderobe og arbeidsplassar/møterom 2015.	Reperasjonar av leikeapparat og leikehus.

Barnehagane er, med den siste ombygginga i Skattebøl barnehage, i god stand og innfrir forskriftsmessige krav. Det er nødvendig å sette av ein årleg sum til vedlikehald og utskifting av leikeapparat.

Ressursbruk i barnehagane i Ål arbeidsåret 2017/2018.

Barnehage	Plassar hausten 2017	Grunn- bemanning pedagog	Grunn- bemanning assistent	Leiar- ressurs grunnbemanning	Diverse Styrking	Fast vikar- ressurs
Nordbygdene	36	300	300	80	20	20
Skattebøl	42	300	400	100	120	20
Sundre	108	700	1100	180	240	20
Torpo	36	300	300	80	100	20
Sando	36	300	300	80	20	20

Bemanninga i barnehagane blir regulert etter det faktiske barnetalet/behovet.

Barnetal - utvikling over tid:

	2016	2015	2014	2013	2012	2011*	2010	2009	2008	2007	2006
Netto utgift (1000 kr)	29 027	28 165	26 366	24 176	23 031	20 663	5 205	5 073	4 072	2 855	2 842
Tal barn	199	203	220	214	207	206	207	207	201	201	206

Frå 2011 vart statstilskotet erstatta med auka rammeoverføring.

Tal barnehagebarn er meir usikre enn elevtalet. Det er føresette som søker og avgjer om barnet skal gå i barnehage. Kontantstøtte, verdival, faktisk behov og praktiske omsyn er faktorar som spelar inn.

Om fødselstalet dei neste fire åra blir rundt 40 og innflyttinga minimal, må kommunen forvente færre søknadar om barnehageplass. Om så skjer kan kommunen redusere barnehagetilbodet tilsvarande om lag to avdelingar i 2020 og likevel innfri lovkravet.

Kommunen kan velje

1. Skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Legge ned ei eller to avdelingar i Sundre barnehage
3. Legge ned ein av dei minste barnehagane

Alle tre alternativna krev ei grundigare utgreiing, men kort skissert blir konsekvensane:

Skalere ned drifta i alle barnehagane.

Dette alternativet vil ikkje gi full innsparingseffekt. Barnehagane vil ha fleire ledige plassar. Barnehagane vil få betre kapasitet til å drive med tilrettelagt aktivitet for barn med spesielle behov, og familiar som flytter til Ål vil vere sikra barnehageplass.

Eit første steg på ei nedskalering kan vere å ta bort 6 plassar (utvida gruppe) i Skattebøl barnehage. Då får alle dei fire minste barnehagane to avdelingar.

I ein to-avdelingsbarnehage (og mindre) må styrarane i større grad gå inn i fast turnus på ei avdeling, og vil ikkje kunne delta i felles kommunale møte og felles planarbeid i same omfang som før.

I dag har fleire barn 3- og 4-dagarsplass. Stadig fleire kommunar tilbyr berre 5-dagarsplassar. Ei slik omlegging vil auke behovet for plassar og kan vere eit grep for å sikre drift i alle barnehagane.

Legge ned ei eller to avdelingar i Sundre barnehage

Ved å legge ned to avdelingar i Sundre vil kommunen spare personalressurs tilsvarande to avdelingar. Ein variant kan vere å legge ned ei avdeling i Sundre i kombinasjon med å redusere Skattebøl til rein to-avdelingsbarnehage. Sundre og Skattebøl er dei to barnehagane som for tida har størst pågang.

Legge ned ein av dei minste barnehagane

I dette alternativet vil kommunen spare personalressurs tilsvarande to avdelingar og ein styrar. I tillegg vil kommunen spare driftskostnader til vask, energi og vedlikehald. Eit nærmiljø vil vere utan tilbod om barnehage.

3. Sluttord

Dette notatet skisserer alternativ. I alternativ med minst strukturkonsekvens vil innsparinga i personalutgifter vere om lag 5 mill. i 2020 (skule og barnehage). Dette alternativet gir ingen innsparing på drift og vedlikehald. I alternativ med størst strukturkonsekvens vil innsparinga i personalutgifter i eit tenkt reknestykke vere om lag 15 mill. i 2020 (skule og barnehage). I tillegg vil kommunen spare utgifter til drift og vedlikehald av bygningsmasse. Men det vil kome til finanskostnader og noko auka utgifter til skyss.

Dette notatet konkluderer ikkje, men det blir vanskeleg å finne rom for store innsparingar med dagens struktur. Kommunalsjefen vil rå til at det blir gjort ei grundig utgreiing av barnehage- og skulestrukturen i Ål komande arbeidsår 2017/2018. Det blir viktig å greie ut ulike alternativ i god før politiske vedtak. Arbeidsform og framdrift må ein eventuelt kome attende til.

Ål, 10.08.2017

Eldgrim Springgard

Kommunalsjef oppvekst